



Norges Vassdrags- og energidirektorat  
Postboks 5091 Majorstua  
0301 OSLO

Vår ref.: (nyttast ved korrespondanse)  
201306646-8/732/STIOSE

Dykkar ref.:

Bergen, 01. oktober 2013

## **Erko Settefisk AS - Søknad om konsesjon for regulering og uttak av vatn frå Storavatnet - fråsegn Hordaland fylkeskommune**

Erko Settefisk AS søker om å ta ut vatn frå Storavatnet for sitt settefiskanlegg på lokalitet Sagvåg. Anlegget har konsesjon for produksjon av 5 millionar settefisk. Det vert søkt om eit gjennomsnittleg vassuttak på 11,5 m<sup>3</sup>/min (192 l/s) og høgaste månadsmiddel på 20 m<sup>3</sup>/min (330 l/s). Det vert også søkt om å regulere Storavatnet med 50 cm. Det er planlagt å sleppe ei minstevassføring på 3 m<sup>3</sup>/min (50 l/s). Vatnet skal hentast gjennom ein vassleidning med dimensjon 630 mm. Inntak er planlagt om lag 650 m inn i Storavatnet og leidningen skal førast til sjø i ei 130 m lang grøft parallelt med utløpselva. Leidningen skal vidare leggjast i sjø gjennom Sagvåg om lag 900 m fram til anlegget.

Anlegget fekk settefiskkonsesjon med konsesjon til oppdemming og regulering av vatnet i 2007, men då konsesjonen ikkje vart tatt i bruk innan tre år falt den bort.

### **Kulturminne og kulturmiljø**

Me kan ikkje sjå at konsesjonssøknad datert 12. september 2007 var sendt Hordaland fylkeskommune for uttale ved offentlig ettersyn. Kulturminneforvaltninga har ikkje tidlegare uttalt seg i saka.

Det er gjennomført ei forenkla konsekvensutgreiing for tiltaket. Utbygginga råkar ikkje kjende automatisk freda kulturminne direkte. Det er likevel potensial for funn frå steinalder i strandsona kring vatnet.

Området har òg ei rik historie frå nyare tid, og allereie på 1500-talet skal det ha vore drive mølle og sagbruk her. Hordaland fylkeskommune ber om at ein tek tilstrekkeleg omsyn til dei kulturminna som er ifrå nyare tid, og at ein ikkje sett i gang med arbeid som fører til permanente endringar og fjerning av dei kulturminna og det kulturmiljøet som er i området.

### **Vurdering og tilråding**

Den forenkla konsekvensutgreiinga i søknaden som no er til vurdering tar ikkje stilling til potensialet for funn av hittil ikkje kjende automatisk freda kulturminne og fare for skade på slike. Ved oppdemming og stabilisering av Storavatnet på høgvasnivå kan ein få auka fare for utvasking av eventuelle lokalitetar i strandsona kring vatnet. Det kan òg vera potensiale for funn i området for nedgraving av rørledning. Me finn det difor naudsynt med ei arkeologisk registrering for å avgjera om tiltaket kjem i konflikt med hittil ikkje registrerte kulturminne, jmf. § 9 i kulturminneloven. Jfr. Lov av 9.juni 1978 nr.50 om kulturminner § 9, jfr. § 10, må kostnadene ved registreringa betalast av tiltakshavar.

Det vert stilt krav om at undersøkingsplikta etter §9 i Kulturminnelova vert oppfylt i god tid før iverksetjing av tiltak. Hordaland fylkeskommune vil utarbeida budsjett for arbeidet og ettersende dette.

## **Marine kulturminne**

Då saka omfattar tiltak i sjø/vatn har den vore til vurdering ved Bergens Sjøfartsmuseum. Dei har følgjande uttale i saka.

Museet kjenner til eit automatisk verna skipsvrak som kan vera i konflikt med det planlagde tiltaket. Skipsvraket ligg ikkje i Askeladden. Me reknar Sagvåg som eit viktig marinarkeologiske område. Sagvåg har ei lang historie som sag- og mølleområde og er avmerka på kart frå 1705, det har også vore skipsbygging her. Enkelte delar av område har vore undersøkt tidlegare.

Bergens Sjøfartsmuseum varslar at vi som vedkommande myndigheit krev marinarkeologiske undersøkingar før gjennomføring av tiltaket, etter føresegnene ved Lov av 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminne, §§ 9 og 14, undersøkingar av om det kan være skipsfunn eller andre marine eller maritime kulturminne i tiltaksområdet. Etter Kulturminnelova §§ 9 og 10 har tiltakshavar undersøkingsplikt, samt plikt til å dekkja utgiftene til undersøkinga. Me ber tiltakshavar om å ta direkte kontakt med Bergens Sjøfartsmuseum vedrørande gjennomføring av feltundersøkingane. Museet vil då først utarbeide eit budsjett for registreringane, som me må ha godkjent før feltarbeidet kan gjennomførast.

**Undersøkingsplikta etter § 9 i kulturminnelova må oppfyllest i god tid før iverksetjing av tiltak, både på land og i vatn/sjø. Dersom det vert avdekka konflikt med automatisk freda kulturminne, må tiltaka justerast eller eventuelt leggjast fram for Riksantikvaren som rette dispensasjonsmynde.**

Hordaland fylkeskommune vil utarbeida kostnadsoverslag for areal som vert råka av oppdemming eller andre tiltak og ettersenda dette. For gjennomføring av marine feltundersøkingar bes tiltakshavar ta direkte kontakt med Bergens sjøfartsmuseum.

## **Friluftsliv**

Det er stor lokal motstand mot reguleringa og uttaket då dette er eit mykje nytta friluftsområde. I HFK si kartlegging av viktige friluftsområde i Hordaland vert strandsona i Storavatnet kategorisert til svært viktig, hovudsakeleg lokal nytta, og av høgaste verdi. Lokalbefolkninga er skeptiske til reguleringa på 50 cm, då dette vil øydelegge badeplassar ved at dei vert gjørmete. Naturleg variasjon er på 30 cm. På eit folkemøte om tiltaket kom det fram at det ein er spesielt skeptisk til er at hovudtyngda av uttak vil vera i juli og august, månadane når badestrendene er mest nytta.

Me er skeptiske til skildringa av brukarinteresser i søknaden, og viser til dei to svært ulike tekstane om friluftsliv i og rundt Storavatnet, henta frå søknaden og frå kommuneplanen for Storavatnet:

Frå søknaden:

Det utøves et begrenset fritidsfiske i Storavatnet. Det er ikke noe organisert fiske etter laks- eller sjøaure ved utløpet, fordi vassdraget ikke har egne bestander av verken laks eller sjøaure.

Selve tiltaksområdet er ikke benyttet til friluftsmål i særlig grad, mens områdene knyttet til Storavatnet har potensiale for ferdsel. Det er også noen badeplasser i de vestre delene av Storavatnet, men vannkvaliteten her har periodevis vært dårlig grunnet høyt tarmbakterieinnhold.

Frå kommuneplanen for Storavatnet:

Sjølve Storavatnet og omkringliggjande grøntområde vert nytta til eit mangfald av friluftaktivitetar. Sopp og bærplukking, jogging, sykling, padling (kano og kajakk), fiske, roing, skøyter og orientering, syner spennvidda i aktuelle friluftaktivitetar.

(...)

Badeplassar finn ein kring heile vatnet: Buneset, Nyseterneset, Vaskeriplanen, Båtvikjo, Osalopet, Vassenden Nord, Vassenden Sør, Buvikjo og Sandvikjo er dei mest kjende. Det er mykje folk som bur i nærleiken til Storavatnet og dei mange badeplassane vert hyppig nytta.

Næringsmiddeltilsynet føretek nærast årleg overvaking av vasskvaliteten ved badeplassane ved Fletaneset og Vaskeriplanet.

**Avbøtande tiltak**

Hordaland fylkeskommune ber NVE ta omsyn til dei store friluftsiinteressene og setta reguleringsgrensa ved 30 cm. I tillegg bør ein vurderer om det kan vera hensiktsmessig å krevja at tiltakshavar legg ut skjelsand ved badestrendene for å hindra gjørme.



Gudrun Mathisen  
Klima- og naturressursleiar



Stina Ellevseth Oseland  
Rådgjevar

Kopi: Melding til kultur- og ressursutvalet

